

forum for
natur og
friluftsliv

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen, 19.12.14

Høyringsfråsegn til Regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021


FNF Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Føremålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har sluttet seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskarforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkestykstlag, Norsk Ornitoligisk Foreining Bergen lokallag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga og Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerer totalt over 36.000 medlemmar.

Viser til Regional plan for vassregion Hordaland (2016-2021) med tilhøyrande tiltaksprogram, som no er på høyring med frist 31.12.2014. Dette er eit viktig arbeid, og vi set pris på det arbeidet som er gjort hittil med dei ressursane som ein har vore tildelt. Vi meiner at vassforskrifta setter riktige rammer for å skaffe til veie meir kunnskap om vassmiljøet og oppnå ei heilsakleg økosystembasert forvaltning av vassdragsnaturen vår, og vi er glad for at vassmiljøet no er i fokus.

Vassregionen har vår fulle støtte vedrørande behovet for auka ressursar, medrekna betre finansiering. Vi minner om at ein samråysta energi- og miljøkomité på Stortinget slo fast at den opphavlege norske finansieringsplanen frå innføringa av vassforskrifta i 2008 var eit minimum av ressursbehov. Dette behovet var anslått til ei årleg løyving til heilsakleg vassforvaltning på 135 millionar dei siste fire åra. På tross av styrkinga på om lag 30 millionar per år til vassmiljøovervaking har vi no eit akkumulert økonomisk etterslep på nærmere 300 millionar samanlikna med det som var lagt til grunn gjennom Stortinget si behandling av innlemminga av EU sitt vassdirektiv i EØS-avtalen.

Særskilt om oppdrett

Korleis dei biologiske påverknadsfaktorane frå fiskeoppdrett skal inkluderas i vassforskrifta har vore eit uavklart spørsmål i Noreg heilt sida oppstarta av arbeidet med vassforskrifta i 2007. Dette er alvorlig, kanskje særskilt for "oppdrettstunge" vassområde som Hordaland, der konsekvensen no er at me har ein vassforvaltningsplan utan vurderinger eller tiltak knytt til ei av dei mest alvorlege påverknadene i nokre område. At oppdrettsnæringa sine interesser går føre miljøtiltak for å bevare villaksen er heilt uakzeptabelt. Det er også helt klart i strid med regjeringa sin eigen villakspolitikk. Omfanget av utfordringar knytt til



forum for
natur og
friluftsliv

fiskeoppdrett er godt kjent og konsekvensane av desse er grunnlag for bekymring for alle som er opptekne av den miljømessige helsetilstanden i elvane og fjordane våre.

Vi meiner at dersom ein ikkje inkluderar oppdrett som påverknad i forvaltninga av vassområde Hordaland, vil ein heller ikkje klare å oppnå målsettinga om "... reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland", skildra i kap. 1.1. "Formål med planen" i høyringsdokumentet, i dei områda som i dag er påverka av oppdrett. Dette fører til at vassforvaltningsplanen sin legitimitet svekkas. God forankring vert også vanskeligare å oppnå når problemstillingar som er så viktige for folk ikkje vert tatt omsyn til.

Om revisjon av eldre vassdragskonsesjonar

Planen viser til at vassregionutvalet (AU) etter høyringsperioden formelt i eige sak vil oppmode NVE om å revidere konsesjonar i både 1.1 og 1.2 vassdrag jf. den nasjonale gjennomgangen av NVE og Miljødirektoratet i 2013 (rapport 43 2013: Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022). Dette er bra! Vi er svært opptekne av dette arbeidet med revisjon av eldre vasskraftkonsesjonar og innføring av nye og meir moderne miljøvilkår. Dette er moglegheita for å rette opp i gamle "miljøsynder"!

Vi vil imidlertid oppmode vassregionutvalet til å følgje prioriteringane gjort av Fylkesmannen i Hordaland i denne saka og ikkje forslaget til prioritering frå NVE/Miljødirektoratet, då oversikta frå fylkesmannen gir eit meir korrekt bilde av kvar det hastar mest å sette i gang ein revisjonsprosess. Vi oppmodar også vassregionutvalet til å krevje innføring av standardvilkår i dei resterande 17 konsesjonane som kan opnas for revisjon men ikkje er tatt med på prioritieringslistene.

Til orientering så vil også FNF Hordaland sende inn revisjonskrav til alle dei 9 vassdraga som fylkesmannen har på si prioritieringsliste.

Vi ynskjer fylkeskommunen lykke til i det vidare arbeidet!

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

På vegne av organisasjonane i Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland.